



KOPI

Hjelmås VVS AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2869 - 17/29615

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
15.10.2017

Foreløpig svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 244/33 Eidsnes indre

Tiltak:
Byggestad: Gbnr: 244/33
Tiltakshavar: Erik Eknes
Ansvarleg søkjar: Hjelmås Vvs AS

Kommunen viser til søknad om ferdigattest for etablering av avlaupsanlegg på gbnr 244/33 mottatt 13.07.2017. Søknaden viser til felles utslepp for båe gbnr 244/11 og 244/33. Utsleppsløyve og løyve til etablering av avlaupsanlegg for gbnr 244/33 vart gitt den 16.09.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. forureiningsforskrifta § 12-4/ § 13-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert og slutført gjennomføringsplan
2. Løyve til etablering av avlaupsleidning etter hamnelova (vilkår i byggjeløyvet datert 16.09.2015)

I sak 14/4759, gbnr 244/11, er det den 10.08.2017 etterlyst følgjande informasjon med frist innan 01.10.2017:

1. Oppdatert og slutført gjennomføringsplan
2. Løyve til etablering av avlaupsleidning etter hamnelova (vilkår i byggjeløyve datert 08.09.2015)

Tilleggsinformasjonen er ikkje mottatt innan fristen i denne saken.

Frist

Då det allereie er etterspurt tilsvarande informasjon i sak 14/4759, gbnr 244/11, så gjer vi dykk ein kort frist til å innhente tilleggsinformasjon for gbnr 244/33. Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 01.11.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Erik Eknes
Hjelmås VVS AS

Grunnane 42 5251
Leknesvegen 183 5915

SØREIDGREND
HJELMÅS